

Fullsett kyrkje trass i uveret

24.12.2007



Sokneprest Sven Harald Nilsen på prekestolen i Uskedalskyrkja julafta. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det kraftige uveret la slett ingen dempar på kyrkebesøket i Uskedalen om ettermiddagen på julafta. Kyrkja var fullsett med unnatak av nokre få plassar lengst framme og det vart ei stemningsfull og fin høgtidssstund medan regnet tromma mot rutene.

Noko som sette ein ekstra spiss på dette samveret på "kvelden over alle kveldar" var dei friske kornett-tonane til Vegard Døssland.

Han spela fleire av dei kjende og kjære julesongane saman med organist Peter Couzens.

Den lovande musikaren er konfirmant til våren og konfirmantlærar og kyrkjelydsekretær Oddbjørg Heimark var tydeleg stolt av Vegard då ho etterpå kunngjorde kven som hadde spela.



Sokneprest Sven Harald Nilsen heldt den første julekveldsgudstenesta si i Uskedalen og nytta ein av dei gamle og fine julesongane som "gjennomgangstone" i preika.. Det var "Mitt hjerte alltid vanker i Jesu føderom".

Kyrkja var så godt som fullsett. (Foto: Ola Matti Mathisen)

- Det var trua si skattkiste som vart opna med underet som skjedde julenatta, sa presten. Han kalla juleevangeliet "den vakraste av alle forteljingar" og la tilhøyrarane mellom andre desse to setningane på sinne:

- Gud er ikkje mest til stades når alt verkar som mest vellukka.
- Det er når det er som vanskeligast at Jesus er nærest.

Av Ola Matti Mathisen



Organist Peter Couzens og konfirmant og lovande kornettist Vegard Døssland spelar julesongar saman i kyrkja. (Foto: Ola Matti Mathisen)